

Sambandet Vest AS, org nr 996 199 371. adresse: c/o John M. Bauge, Rehøyen 13, 5936 Manger. Mobt 90172163 05.aug.2014

### Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kvassnesvegen 23

Postboks 13, 5902 Isdalstø

KOPI

### Overdraging av aksjar i SV AS frå kommunane Austrh—Radøy---Meland og Radøy,-til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Desse fire kommunane teikna «nye» aksjar ved generalforsamlinga for selskapet i juni 2013 slik: Austrheim-Radøy og Lindås med kvar sine 22 aksjar a kr 10.000,- og Meland, 24 aksjar a kr 10.000,- Tilsaman 90 aksjar a kr 10.000 = kr 900.000,-

Halve summen, 450.000,- tilsv 45 aksjar blei innbetalt i 2013 til Samb Vest AS av Nordh Utviklingsselskap IKS, etter vedtak i Regionrådet for Nordh. På generalforsamlinga i Samb.Vest AS 24.juni 2014 blei det vedteke godkjent- overdraging av dei fire kommunane sine aksjar- (90 aksjar ?)- til Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Då restbeløpet, 450.000,-må innbetalast til Samb.vest AS i løpet av hausten i år, ber vi om at det vert gjort formellt vedtak om aksjeoverføringa i Regionrådet, og at det ev vert oppnevnt representantar frå Nh Utviklingsselskap IKS til generalforsamlinga i Samb Vest AS.

#### Vidare drift

Dersom Samb Vest AS skal forsetja som aktivt selskap med fokus på å arbeida med å få vegprosjektet godkjent-og med i statlige plansamanheng, og ikkje minst i H.Fylke sine vegplanar, krev det ein årleg kapitaltilførsel til selskapet på ca 450.000,- i ein 3-års periode-frå eigarane. (Fram tom 2017) Legg ein til grunn antal aksjar som mal,( 160 aksjar) vert det kr 2.812, 50 /aksje pr.år –i tre år.

Årleg innbetaling for eigarane fordeler seg då slik:

Askøy kommune. 30 aksjar	Årleg innbetaling:	kr	84.375
Wimoh Invest AS 20 «	«	«	56.250
BKK AS 20 «	«	«	56.250
<u>Nordh Utviklingsselskap IKS 90 aksjar</u>	<u>«</u>	<u>«</u>	<u>253.125</u>

Med venleg helsing

Sambandet Vest AS v/



John Magne Bauge, styrel og fung.dagleg leiar.

Kopi til ordf i Meland-Radøy-Lindås og Austrheim kommunar.